




Status og råd

Bestanden av snabeluer er i positiv utvikling, og rekrutteringa har auka dei seinare åra. Bestandsbiomassen vart i 2014 estimert til 1,2 millionar tonn. Snabelueren vert kjønnsmoden ved 12-årsalderen. Dagens gytebestand består nesten berre av aldersgrupper som er fødte før 2000. I åra mellom 1996 og 2004 var årskulla svært svake. Dei store årskulla som er fødte etter 2004 vil ikkje inngå i gytebestanden før tidlegast i 2017. Før den tid vil derfor gytebestanden minke. ICES har vedteke at det kommersielle fiskeriet kan ta ut inntil 30 000 tonn årleg i perioden 2015–2017, inkludert bifangst og utkast, og at dei eksisterande tiltaka for å verne yngel og ungfisk samtidig bør vidareførast.

Fiskeri

Alt fiske etter snabeluer, inkludert bifangstfiske av nemneverdig omfang, føregår med trål. Fisket blir regulert ved hjelp av kvotar, bifangstreglar og stengde område. Foreløpige tal for 2016 viser en totalfangst på ca. 28 000 tonn, inkludert bifangst, og ca. 1 800 tonn med flytetrål i internasjonalt område (Smutthavet) i Norskehavet. Av dette har Noreg fiska om lag 17 850 tonn. Sidan 2014 har direktefiske etter uer med flytetrål og botntrål vore tillate i norske område, avgrensa av sesong og stengte område. Ved fiske med trål til andre tider og i andre område utanfor 12 nautiske mil frå grunnlinene, er det tillate å ha inntil 20 % bifangst av uer i vekt i enkelte fangstar og ved landing, mens det innafor er tillate med 10 % bifangst. Bifangst av uer i rekefisket er regulert, og maksimal innblanding av uer er 3 individ per 10 kg reke. Det har vore ei rask auke i norsk fangst dei siste åra, frå 1 835 tonn i 2013 til 19 500 tonn i 2015 og 17 850 tonn i 2016. I 2016 tok norske fartøy over 60 % av totalfangsten i Norskehavet og Barentshavet.




Landa fangst av snabeluer i ICES område I og II. For 2004–2016 er rapportert fangst tatt med flytetrål i Norskehavet inkludert.
 Total international catches of *Sebastes mentella* in Sub-areas I and II. For 2004–2016, catches reported taken by pelagic trawl in the Norwegian Sea are included.

I NORSEHAVET OG BARENTSHAVET

Snabeluer – *Sebastes mentella* – Beaked redfish
Andre namn: Nebbuer, djuphavsuer, raudfisk
Familie: Scorpaenidae
Maks storleik: 47 cm og 1,3 kg
Levetid: Over 70 år
Leveområde: Barentshavet, Svalbard og kontinentalskråninga (400–600 m) mot Norskehavet sør til britisk sone. Føretrek også pelagiske næringsvandringar ut i Norskehavet (300–450 m).
Hovudyngleområde: Langs heile eggakanten frå britisk sone til Bjørnøya.
Gytedidspunkt: Mars–april
Føde: Plankton viktigast dei første leveåra, deretter større plankton og fisk.
Særtrekk: Ueren ynglar, dvs. han “gyt” levande larvar.

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017: Inntil 30 000 tonn i norske område og internasjonalt område i Norskehavet. Tiltaka som alt er på plass for å verne yngelen bør oppretthaldast.
FANGST 2016 (foreløpig): Norsk fangst: om lag 17 850 tonn / totalfangst: om lag 28 000 tonn
NORSK FANGSTVERDI 2016: Ca. 205 mill. kroner for begge uerartane samla.



Fakta om bestanden:

Snabeluer føder levande 4–6 mm yngel i mars–april. Veksten fram til kjønnsmoden storleik og alder er nokså lik vanleg uer. Snabeluer større enn 47 cm blir sjeldan observert, og ein fisk på denne storleiken kan vere 50–70 år gamal. Snabelueren går ikkje inn i Nordsjøen, men lever langs kontinentalskråninga mot Norskehavet på 400–600 meters djup frå Shetland og nordover til Andøya. Her finst det lite snabeluer mindre enn 28–30 cm. Nord for Andøya finst snabeluer også grunnare. Barentshavet og Svalbard (også nord for Spitsbergen) er oppvekstområdet for arten. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten frå Shetland til Tromsøflaket, og i Barentshavet er det vist gytevandring av hofisk mot dette området. Snabelueren et dyreplankton som raudåte, krill og marflo dei første leveåra. Deretter går han gradvis over til å beite meir krill og fisk. Då rekrutteringa av snabelueryngel var god og stabil, utgjorde snabeluer under 25 cm rundt 10 % av dietten til nordaustarkisk torsk. Også blåkveite beitlar på snabeluer. Larvar og liten ueryngel har dessutan blitt observert i sildemagar.



Foto: Thomas de Lange Wærneck


Status og råd

Bestanden av vanleg uer har hatt sviktande rekruttering sidan tidleg på 1990-talet. Toktresultat og fangstratar frå trålfisket viser ein klar nedgang og at bestanden no er mindre enn nokosinne. Sidan 2005 har dødelegheta som følgje av fiske, auka og er i dag høgare enn tidlegare observert, og langt over det tilrådelege. Vanleg uer er klassifisert som sterkt trua art på den norske raudlista frå 2015. Eit sterkt yngelvern er viktig for å sikre rekruttering og byggje opp bestanden. ICES tilrår at det ikkje vert fiska på denne bestanden. Havforskningsinstituttet støttar dette rådet. Bestandsmodellering viser at dersom rekruttering og fangstar vert oppretthaldne på dagens nivå (knappt 5 000–6 000 tonn årleg) kan bestanden kollapse i nær framtid.

Fiskeri

Fisket etter vanleg uer blir regulert ved hjelp av bifangstreglar, fredingstid og i mindre grad også reiskapsregulering. Årsklassane har vore svært svake det siste tiåret, og mengda av umoden fisk går stadig nedover. Forskarane har indikasjonar på ei noko betre rekruttering i enkelte årsklassar etter 2003, men det er ein viss risiko for at delar av den registrerte yngelen kan tilhøyre den større snabeluerbestanden, sidan artane er like av utsjånad på yngelstadiet. Reguleringstiltaka er i dag utilstrekkelege. ICES gjentek rådet om stopp i alt direkte fiske, utvida freding og skjerpa bifangstreguleringar for trål. Den norske fangsten i 2016 blir over 4 000 tonn (2 492 i 2015). Ein del av dette er truleg snabeluer og vil bli berekna på eit seinare tidspunkt.

Rapportar frå fiskarar tyder på at fredinga har ført til lettare tilgjenge av vanleg uer. Dei siste tiåra har Noreg tatt 80–90 % av totalfangsten av nordaustarktisk vanleg uer. I 2016 fiska andre land rundt 900 tonn, hovudsakleg med trål og garn. Den alvorlege bestandssituasjonen tilseier strengare reguleringar. Ved fiske med trål utanfor 12 nautiske mil kan ein ha inntil 20 % bifangst av uer, og inntil 10 % innanfor 12 nm. Det er forbode å fiske uer med konvensjonell reiskap nord for 62°N, men det gjeld ikkje for fartøy under 15 meter som fiskar med jukse i juni–august. Ved fiske med konvensjonell reiskap er det tillatt å ha inntil 10 % bifangst av uer. Fartøy under 21 meter kan ha inntil 30 % bifangst frå 1. august til 31. desember. Bifangst av uer reknast i rund vekt per veke. Ei arbeidsgruppe sett ned av Fiskeridirektøren foreslår eit dedikert tokt for vanleg uer i yngletida om våren og betre metodikk for kartlegging og mengdemåling av vanleg uer på instituttet sine torskefisktokt.



109 års fangsthistorie for nordaustarktisk vanleg uer (*Sebastes norvegicus*). Catches of *Sebastes norvegicus* since 1908.

Vanleg uer – *Sebastes norvegicus* – Golden redfish
Andre namn: Raudfisk – *Sebastes marinus*
Familie: Scorpaenidae
Maks storleik: 1 meter og meir enn 15 kg
Levetid: Over 60 år
Leveområde: 100–500 meters djup i Nordsjøen–Barentshavet, også i norske fjordar
Hovudyngeområde: Vesterålen, skallar langs nordlandskysten, Haltenbanken og Storegga
Gytetidspunkt: April–mai
Føde: Plankton viktigast dei første leveåra, deretter større plankton og fisk
Særtrekk: Ueren ynglar, dvs. han “gyt” levande larvar

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017: Ikkje direkte fiske, og strengare bifangstreglar og vernetiltak må innførast
 FANGST 2016: Norsk fangst: over 4 000 tonn, totalfangst: ca. 5 000 tonn
 NORSK FANGSTVERDI 2016: For begge uerartane samla, ca. 205 millionar kroner.



Fakta om bestanden:

Vanleg uer føder levande 4–6 mm yngel i april–mai. Paringa føregår om hausten, og i yngleområdet om våren kan det difor vere reine hofiskkonsentrasjonar. Som toåring er vanleg uer 10–12 cm, og han veks så om lag 2 cm per år til han blir kjønnsmoden. Som 11–12-åring og 30–35 cm lang, er halvparten av vanleg uer kjønnsmoden. Vanleg uer lever på 100–500 meters djup på kontinentalsokkelen, langs kysten og visse stader inne i fjordane. Han er utbreidd nord til nordvest for Spitsbergen, men finst sjeldan i fiskbare mengder nord for Tromsøflaket/Bjørnøya. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten og kontinentalsokkelen frå Shetland og nordover til Andøya, med Storegga, Haltenbanken og Vesterålen som dei viktigaste områda. Vanleg uer lever utelukkande av dyreplankton i dei første leveåra. Deretter går han over til krill, lodde, sild og torskefisk. Som byttedyr er småueren viktig føde for torskefisk og kveite. Det er ikkje påvist nemneverdige endringar i gytealder, produksjon eller utbreiing som følgje av endringar i klima, men dei siste åra er det gjort gode bifangstar av vanleg uer så langt nord som ved Bjørnøya.